

Minna og mytane – og verdien av dei som historisk materiale

Av Ingar Kaldal

Det har lenge no vore lite diskusjon i det norske historikarmiljøet om korleis det folk sjølve fortel om sine eigne liv, kan brukast som materiale i historisk forsking. 'Muntlege kjelder' var namnet på eit viktig diskusjonstema i 1970-og 80-åra. Da handla det mye om kor vidt ein kunne stole på dei opplysingane folk gav i retrospektive intervju. Kunne folk hugse korrekt om hendingar og forhold som låg langt tilbake i tid? Seinare bidrog den nye kulturhistoria til å vende blikket i nye retningar også i diskusjonen om minne og muntlege kjelder. Men etter at Dagfinn Slettan i 1994 skreiv ei første grundig oppsummering av det han da meinte den nye interessa for kultur hadde betydd for tolkinga av minna,¹ er det ikkje ført noen større diskusjon i Norge om generelle metodiske spørsmål på dette feltet. Rett nok er vi fleire som også etter dette har arbeidd vidare med å bruke folks eigne minne i det vi skriv av historie.²

1. D. Slettan, *Minner og kulturhistorie. Teoretiske perspektiver*, nr. 4 i Skriftserie fra Historisk Institutt, Universitetet i Trondheim 1994.

2. Fleire har gjort det, men sidan det her ikkje er noe formål å summere opp forskinga på feltet verken i Noreg eller andre land, har det lite for seg å presentere ei liste. Men ei som kan nemnast som eksempel, også fordi ho har eksperimentert meir systematisk enn dei fleste med tolkingsmåtane, er Hilde Gunn Slottemo. Sjå bl.a. dr.avhandlinga hennar: *Fabrikkarbeider, far og forsørger: menn og mannlighet ved Koksværket i Mo i Rana, 1950-1980*, Skriftserie fra Historisk Institutt, NTNU, nr. 41, Trondheim 2003. Og i det siste har eg hatt glede av å rettleia arbeidet med ei masteroppgåve kor eitt av formåla var å diskutere teoretiske og metodiske sider ved analyse av minne: H. Stokland, *Kvinners trivelige og menns tunge arbeid ved Langåard tobakkfabrikk (ca. 1890-1940): et kulturhistorisk eksperiment innen mingeforskning*. Masteroppgave i historie, Institutt for historie og klassiske fag, NTNU, Trondheim 2007.

ingar.kaldal@hf.ntnu.no

Kaldal er professor ved ved Institutt for historie og klassiske fag, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU).

Vi som har gjort det, bør no diskutere kva vi har lært på desse åra. På eitt vis er det det eg oppfattar at Jostein Lorås prøver i sitt innlegg i *HT* 3/2007.³ Den artikkelen fekk meg til å tenke både at erfaringane varierer, og at synsmåtane spriker på måtar som kallar på fleire innlegg.

Denne artikkelen er ikkje skriven berre for å diskutere Lorås sitt innlegg. Den er også eit forsøk på å samanfatte på meir generelt plan noen av dei refleksjonane eg sjølv har gjort meg om metodeproblema på feltet. Når det eg her står for kan lesast som alternativ til Lorås sine synsmåtar, er det særleg noen spørsmål eg meiner å sjå at vi tenker nokså ulikt om: Eg deler ikkje Lorås sitt syn på det han kallar 'faktuelle' og 'narrative' lesemåtar. Vidare deler eg ikkje hans argumentasjon for minna som kjelder til autentiske opplevingar, tankar og kjensler i fortida. Eg er som Lorås ute etter å reflektere over kva minna kan gi oss av materiale til kulturhistoriske analysar. Men skal vi få fram korleis den nye kulturhistoria kan inspirere oss til nye måtar å analysere minna på, trur eg vi bør seie noe om kva vi legg i 'kultur'. Ein av dei konklusjonane eg her vil resonnera meg fram til, er at vi ved å skilje mellom ulike kulturbegrep også kan forstå betre dei ulike synsmåtane som finst i den norske debatten om kva minna kan brukast til – og ikkje – som grunnlag for kulturhistorisk analyse.

Vi treng etter kvart også nye meir omfattande oppsummeringar av metodefaringane på feltet. Der bør også nyare internasjonal forsking innarbeidast mye breiare enn det er tid og plass til her. Inntil noen av oss gjer det, står Dagfinn Slettan si bok frå 1994 seg godt for alle som vil skaffe seg ein breitt orientert oversikt over feltet. La dette derfor berre vere eit forsøk på å reflektere vidare over noen spørsmål som eg ser som verdt å følgje opp. Det vil eg her gjøre på grunnlag av erfaringar både frå fleire eigne prosjekt på feltet, og frå det eg har gjort av forsøk på å sette meg inn i den nye kulturhistoria.

Sidan midten av 1980-talet har eg gjennomført fleire prosjekt kor muntlege minne har utgjort ein hovuddel av kjeldematerialet: først i doktoravhandlinga mi om arbeidsliv i to lokale bedrifter i papirindustrien (intervju med folk i dei fleste norske treforedlingsmiljøa var ei hovudkjelde også i boka mi om papirarbeidarane si historie); så i ei bok om daglegliv i Trondheim; så i mitt bidrag til det nordiske prosjektet om kulturelle prosessar i skogsbygder; og etter det i nyare studiar av arbeid, daglegliv og kultur i skogsmiljø, kor mye enno står att å full-

3. J. Lorås, Muntlige kilder – faktuelle eller narrative lesemåter?, *Historisk tidsskrift* 3/2007: 433–445.

føre.⁴ Alle desse prosjekta må kunne seiast å ha vore avla på ei forskingsinteresse for tema og perspektiv som var utprega sosialhistoriske. Samtidig har analysane i aukande grad vore inspirert av tenkemåtar som ein gjerne kan forbinde med den nye kulturhistoria (sjølv om det har vore berre delvis reflektert og avklart under gjennomføringa av prosjekta kva det inneber). Eit forsøk på å reise diskusjon om forskjellar mellom sosial- og kulturhistorisk analyse av minnemateriale, gjorde eg i ein artikkel der eg tok for meg Tore Pryser sin sosialhistoriske bruk av minne frå ein arbeidarbygard i Kristiania, og diskuterte kva anna dei kunne ha vist om spørsmåla hadde vore stilt meir kulturanalytisk.⁵ Forsøka mine på å samanfatte det eg ser som problem og potensial knytta til minna, har elles vore begrensa til det eg har fått plass til om det i to kortfatta innføringsbøker om historisk metode og nyare kulturhistorie.⁶ Uferdig og prøvande er stikkord som pregar mye av det eg har gjort meg av metodiske erfaringar med minna. I så måte må også dette innleget sjåast som ei ytring frå ein plass undervegs.

TRE BETYDNINGSLAG OG TRE SPØRJEMÅATAR

Slik eg ser det, er minne eit materiale kor det kan vere klårgjerande å snakke om i alle fall tre plan for utnyttinga, eller sagt annleis: tre lag av betydning, og tre typar spørsmål – som analysen kan rettast inn mot å finne svar på (dette er berre eit forslag, laga for å få fram korleis eg tenker om minna som historisk materiale no. Det finst sikkert fleire måtar å dele inn dette på som kan fungere godt).⁷

4. I. Kaldal, *Arbeid og miljø ved Follaoss Tresliperi og Ranheim Papirfabrikk 1920–1970*, nr. 3 i Skriftserie fra Historisk Institutt, Universitetet i Trondheim 1994; I. Kaldal, *Papirarbeidernes historie*, Oslo 1989; I. Kaldal, *Véit og gate. Daglegliv i Midtbyen i Trondheim 1880–1950*, Oslo 1997; I. Kaldal, Skog, arbeid og dagligliv i kvinners og menns fortellinger fra Trysil og Nord-Värmland etter 1950, i I. Kaldal, B. Fritzboege, E. Johansson og H. Snellman (red), *Skogsliv – kulturelle prosesser i nordiske skogsbygder*, Lund 2000.

5. Sosialhistorikaren i 'Nr. 13' – kulturhistorisk gjenvisitt, i H.W. Andersen, A.K. Børresen, I. Bull, I. Kaldal og O.S. Stugu (red.), *Historie, kritikk og politikk. Festskrift til Per Maurseth*, nr. 37 i Skriftserie fra Historisk Institutt, NTNU, Trondheim 2002: 305–320.

6. I. Kaldal, *Frå sosialhistorie til nyare kulturhistorie*, Oslo 2002 – der særleg avsnittet om mytar s. 90–99 kan vere relevant for minneanalysar, og I. Kaldal, *Historisk forsking, forståing og forteljing*, Oslo 2003 – der tolking av minne er omtalt s. 95–101 (sidan ingen av dei to bøkene er vorte melde i *Historisk tidsskrift*, og kanskje er nokså ukjende for tidsskriftet sine leesarar, vil eg her bruke litt plass på å vise til dei).

7. Fordi vi eigentleg kan sjå alle typar materiale vi bruker til å seie noe om fortida som 'minne', kan dette for så vidt også lesast som ei forsiktig ytring i diskusjonen om alternative inndelingar i ulike bruks- og lesemåtar overfor alle typar historisk materiale – utan dermed å seie at det er noe sentralt siktet mål med artikkelen. Det vil føre for langt her å gå inn på kva det eg her skriv om minneanalyse, har å seie for mitt syn på det vanlege skiljet i generell kjeldekritikk mellom 'levning' og 'beretning'. Men eg slutter meg gjerne til dei forsøka som er gjort i seinare tid av Narve Fulsås og May-Britt Ohman Nielsen i dette tidsskriftet på å problematisere både fornufta i dette skiljet for oss som forskrarar, og nytten av det same skiljet når vi skal lære våre studentar korleis vi som historikarar i praksis bruker våre kjelder (Fulsås i *HT* 2/2001 og Nielsen i *HT* 3/2007). På eitt vis kan ein sjå det å utnytte informasjonen som eit minne ber i seg ved at det beskriv noe som har skjedd, som å bruke det som 'beretning'. Men om ein bruker ei kjelde aldri så mye som base med deskriptiv informasjon, er det ved å dra nytte av ei kontekstualisert tolking av den same kjelda som 'levning' at ein belyser mest kritisk også det den innehold av 'fakta'. Slik er det med minna som med andre kjelder – når dei er beskrivande.

- 1 Eit fortalt minne *beskriv* ofte forhold, verksemder, hendingar og menneske på måtar som kan gi mye godt materiale å bygge ei historisk framstilling på.
- 2 Eit minne kan gjennom måten det er fortalt på, *avsløre* kva som i eit miljø er, og kanskje har vore, gjeldande verdiar og normer, reglar og tenkemåtar om ulike tema og verksemder. Her handlar det om å dra slutningar frå trekk som pregar eit minne, til det som har skapt desse trekka.
- 3 Eit minne kan ved å ha vorte formidla og brukt, sjølv ha medverka til å *skape, forsvare* eller *endre* ikkje berre normer og verdiar, men også handlingar, praksisar og levde liv. Måten det har vore vanleg i eit miljø å fortelje på om bestemte hendingar eller verksemder, kan sjølv ha vore med på å få menneska i miljøet til å vere, handle eller tenke på bestemte måtar.

Eit fortalt minne kan slik sett ha både *beskrivande, avslørande og skapande* sider, som vi som historikarar kan ha nytte av å analysere. Men slike ulike lag av betydninga krev ulike metodiske grep og reiser ulike metodiske problem, som det gjeld for historikaren å tenke kritisk over. Til dei tre plana eller laga som her er skissert, kan ein også peike på tre ulike spørjemåtar, som i ein kortversjon av kan sjå slik ut: 1. Kva beskriv minnet? 2. Kva har skapt minnet? 3. Kva kan minnet ha skapt?

Viss vi tenker oss at alt vi har frå fortida potensielt kan sjåast som minne, så er desse spørsmåla ikkje nødvendigvis meir spesielle eller mystiske når det handlar om muntleg fortalde minne enn når vi står overfor kva som helst anna av minne frå fortida:

Finn vi ein gamal gjenstand, og vi vel å ta vare på den (som minne), er det vi spør oss (gjerne i omvendt rekkefølge i forhold til ovanfor) etter at vi veit svaret på det sjølvsagte førstespørsmålet 'kva *er* dette?', eit like sjølvsagt: kva har denne ... vore brukt til å skape (og f.eks. til å utføre, sette i gang, uttrykke, forme, tvinge fram, overtale, produsere, ja: skape). Altså: *kva kan ha vorte skapt* gjennom dei verksemdene denne ... tydelegvis har vore del av?

Når vi har funne ut det, blir vi gjerne også nysgjerrige på kven som har brukta den, og kanskje laga den, og kva den viser oss om dei. Altså: *kva har skapt den?* Kva avslører utforminga av gjenstanden (minnet) for oss om kva den/dei som har skapt den, hadde av kunnskapar, ferdigheiter, formål, preferansar, tenkemåtar, visjonar, problem osv.?

Så er gjenstanden kanskje utstyrt med eit trykt eller påteikna bilde

eller symbol, kanskje også med ord eller tekst. I så fall blir vi like nysgjerrige på å finne ut kva dette betyr, kva det uttrykker, og *kva det beskrev* – viss det er beskrivande. Men er materialet påført beskrivande bilde, teikning, tekst eller symbol (mye anna enn berre skrivne eller muntleg fortalte tekstar kan vere beskrivande), er det også naturleg å ha med seg dei to første spørjemåtane *i tolkinga av dette*: kva kan teksten eller bildet ha *skapt*, og kva person eller verksemد har *skapt* den? Slik er det ofte fruktbart å la tolkinga ut ifrå dei tre spørjemåtane få flyte over i og styrke kvarandre. Meir om det nedanfor.

Her vil ein minimums metodeskolert historikar for lengst lett ha tenkt: men er ikkje det eg her har delt i tre, berre det same som det vi til vanleg legg i det funksjonelle kjeldebegrepet, og som vi er vant til å sjå som *to* måtar å analysere kjeldene på, som levningar eller som beretningar? Jau, på eit vis. Kva poeng kan det så vere med å prøve seg med alternative inndelingar?

I analysen av muntleg fortalte minne har eg etter kvart funne det nyttig å fokusere både på dei aspekta ved eit minne som fortel meg noe om kva eller korleis det *er skapt*, og på dei aspekta ved minnet som set meg på sporet av noe det sjølv kan *ha skapt*. Det siste har elles lett for å bli glømt. I alle fall har det at ei hugsa, kommunisert og kanskje omforma og mytoligisert minneforteljing kan brukast til å få fram noe om kva ho kan ha vore brukt til å skape, lett for å bli borte i mye minneanalyse. Fokus har vore meir retta mot å diskutere kva eit minne viser for det første om det det beskriv, og for det andre om kva tankar, kjensler og erfaringar som har sett sit preg på minnet (og har skapt det). Korleis folks forteljingar om fortida og sine liv sjølve kan ha medverka til å forme og skape samfunn, kulturar og liv, har vore mindre i fokus. Dette er nokså fråverande også i Lorås sine 'lesemåtar' – og det får meg til å spørje: kunne ei sterkare vektlegging av korleis minneforteljingar også har vore brukt til å skape og forme liv og samfunn, ha gjort det meir problematisk for han å stole så sterkt som han så gjerne vil, på det minneforteljarane seier om sine fortidige kjensler, slik dei vart opplevde – ein gong i fortida? Og går han her glipp av ein verdi minna kan ha om vi er ute etter å studere kultur?

Eit anna viktig poeng med dette er som nemnt å få fram korleis dei tre spørjemåtane ikkje bør sjåast berre som åtskilde metodar, men som ulike grep som vi bør la fungere som integrerte sider av analysen. I tolkinga av dei ulike betydningslaga som eit minne gir stoff til å analysere, bør det alltid sjåast som uunnværleg, i alle fall som nyttig, å trekke dei andre laga inn i den same tolkinga. For eksempel: i vurderinga av kva eit minne for-

tel ved at det beskriv noe som er sett, observert, hugsa eller fortalt *om* noe, vil den måten minnet er *skapt* på, og kjennskapen til det eller den som har skapt det (bakgrunn, situasjon, personar osv.), alltid vere ein avgjerande del av vurderingsgrunnlaget. Og like nyttig kan det da vere å spørje kva forteljinga om det sjølv kan *ha skapt*. Sjølv den mest etterrettelege forteljinga om noe som har hendt, kan vere fortalt på måtar som viser oss noe om korleis ho sjølv har verka med til å forme, bevare eller endre noe i det samfunnet eller livet kor forteljinga har vore hugsa, kommunisert og fortalt. Slik kan ein argumentere for å sjå ulike spørjemåtar først og fremst som integrerte ledd i komplekse og samansetta tolkingsstrategiar overfor kjeldene.

KVA KAN MINNE VISE OSS OM FORTIDIGE OPPLEVINGAR?

Det var ei sentral problemstilling da Dagfinn Slettan skreiv si metodeoppsummering om minna i 1994. Og det kan sjåast som problemstillinga i Jostein Lorås sin artikkel i 2007. Det spørsmålet låg under også da Knut Kjeldstadli skreiv eit innlegg i denne diskusjonen alt i 1991, i tidsskriftet *Dugnad*.⁸ Det innlegget var kort, men såpass viktig at det kan vere greitt å starte med det når eg her vil prøve eit alternativt resonnement om kva dette feltet kan ha å lære av den nye kulturhistoria.

Kjernen i Kjeldstadli sin artikkel var, slik eg les den, at mye av det minna beskriv om fortida kan vi bruke som beretning, sjølv sagt på den premissen at det må vurderast på vanlege kjeldekritiske måtar. Men brukte som levning er dei i prinsippet kjelder berre til no, til tidspunktet dei er fortalt i, og ikkje til før. Kjeldstadli såg dei 'tilbakeskuende intervjuene [som] problematiske som levninger fra fortida, som autentiske uttrykk for hva folk tenkte og følte den gang. Strengt tatt er jo et intervju bare en levning fra intervju-situasjonen. Jeg kan ikke dele den optimismen mange har når det gjelder intervjuer som kilder til følelser, verdier, normer, erfaringer slik de ble opplevd den gangen'.⁹

Dagfinn Slettan kommenterte dette eit par år seinare, i si bok om kulturhistoriske tolkingar av minna. Han støtta Kjeldstadli i at minna ikkje gir noen 'direkte tilgang' til opplevingar på bestemte tidspunkt i fortida. Men han ville likevel ikkje sleppe tanken på at dei kunne vere kjelder til 'verdier og normer slik de ble opplevd i fortida'. Å forstå fortidige 'opplevelser' var forresten eit ønske Slettan såg som viktig i heile arbeidet med si bok.¹⁰ Men han problematiserte samtidig begrepet 'opplevelse'. På eitt

8. K. Kjeldstadli, Kan det sies noe nytt om de muntlige kildene?, *Dugnad* 4/1991: 41–44.

9. Kjeldstadli 1991: 42.

10. Slettan 1994: 83.

vis såg han det som eit mål å nå 'autentiske uttrykk for hva folk tenkte og følte den gang', og 'fortellerens emosjonelle tilstand på bestemte tids-punkt i fortida'. Men å avdekke dette gjennom å tolke det forteljarane kunne seie om det lenge etterpå, såg han også som problematisk. Og her kom han fram til at det ein som historikar realistisk sett kunne få ut av retrospektive minne om dette, heller var haldningar, verdiar og normar enn sinnstilstandar.¹¹ Dermed var Slettan inne på ei viktig dreiling, frå ein tradisjonell hermeneutisk ambisjon om å rekonstruere indre tankar, kjensler og sinnstilstandar hos den som har skapt ein tekst, til ein noe annleis ambisjon om å forstå mønster og reglar som hadde styrt og ligge til grunn for det folk hadde tenkt og gjort. Samtidig slepte Slettan altså ikkje taket i at fortidige opplevingar var noe minna både burde og kunne brukast til å komme på sporet av.

Dette var spørsmål som opptok meg også mye på denne tida. For da arbeidde eg med ei doktoravhandling basert i stor grad på minne, om arbeid og miljø i to norske treforedlingsmiljø (som eg disputerte på i 1994). I det eg under det prosjektet tenkte om minna som dei gamle arbeidarane fortalte meg, vil eg trekke fram to stikkord: prosess og myte. I tråd med metodiske refleksjonar hos bl.a. minneforskaran som Lutz Niethammer og Daniel Berteaux, meinte eg at det minna inneheld av mytologiserte historier om fortidig liv, var minst like verdifullt som det dei inneheoldt av såkalla pålitelege beskrivingar av kva folk hadde gjort og tenkt. Når eg der meinte at tidsavstanden ikkje berre burde sjåast som eit problem, men noe som kunne gi minna aukande kjeldeverdi, var det fordi tida som hadde gått, gjerne også hadde gitt mytane grunnlag for å vekse.

Mytane såg eg da som interessante ikkje som lögner og feilaktige forestillingar, men som prega av måtar å fortelje på som inneholdt spor etter kva noe hadde betydd i kulturen til den som fortalte. Eit tema eg prøvde å seie noe om ved hjelp av ein slik analyse av måtane arbeidarane fortalte sine minne på, var arbeidsære. Å spørje gamle menneske kva dei hugsa om kva som gav ære i arbeidet deira for mange tiår sidan, ville vore fåfengt. Men i måten dei fortalte på om arbeidsoperasjonar og hendingar i arbeidet langt tilbake i sine liv, kunne det av og til komme fram spor etter æreskodar som det var grunn til å rekne med hadde prega kulturen lenge i dette arbeidsmiljøet.¹² I dag vil eg om dette seie at i tillegg til å sjå æreskodane i minneforteljingane som skapt av fortidige æresførestillin-

11. Slettan 1994: 84.

12. Kaldal 1994: 15 (referansar til Niethammer, Berteaux og andre finns der).

gar, burde eg i større grad ha fokusert på æreskodane som mulege restar frå prosessar kor dei mytologiserande forteljingane sjølve hadde skapt slike æreskodar – gjennom måten arbeidarane hadde fortalt om arbeidet sitt, og no: til meg i intervju (seinare i artikkelen skal eg gå inn på eit eksempel frå eit noe nyare prosjekt som viser meir konkret korleis eg her tenker om å analysere mytar i minna).

I dette problemfeltet var det Knut Kjeldstadli sin artikkel i Dugnad 1991 tvang fram ei kritisk og vanskeleg gjennomtenking (og diskusjonar mellom meg og Dagfinn Slettan, som eg nettopp i desse åra hadde som nær kontornabo og kollega å diskutere slike spørsmål med). Dette var jo i høgste grad å bruke minna som levningar. Og var ikkje minna i prinsippet berre levningar frå forteljetidspunktet? Korleis bruke det dei gamle fortalte, som levning, til å slutte seg bakover i tida?

Mitt forsøk på å svare på slike tidsproblem var da at 'verken normer eller mytar blir til i augeblikk. Og når dei ligg innbakt i rotfesta historier og talemåtar i eit minne, er det rimeleg å sjå dei som uttrykk for langsig- tige prosessar. Kva og kor mye som kan ha vorte endra av mellomliggende forhold og ikkje, bør alltid vurderast i kvart tilfelle. Men det gjeld same kor kort eller lang tid som har gått frå ei hending til ein versjon av ho blir fiksert som fortalt hending i skrift eller på band'.¹⁵ Eg prøvde altså først å argumentere for at måten folk fortel om sine liv på, endrar seg sakte, og i alle fall ikkje oppstår plutselig under eit intervju. Forteljemåtane våre blir ikkje til i augeblikk.

Det er lett å innsjå at dette ikkje var noe fullgodt svar til den som meinte at ein intervjutekst uansett aldri kunne bevise at dei kulturelle kodane ein kunne finne i slike tale- og forteljemåtar i eit intervju, hadde eksistert på bestemte tidspunkt lenge før forteljetidspunktet. Eit poeng eg derfor føydde til, var at det må vurderast i kvart tilfelle kor vidt forteljaren har gjennomlevd noe i løpet av det lange tidsspennet som kan ha endra forteljinga. Korleis dette kan ha verka, kjenner vi frå fleire situasjoner. Ein som har skifta politisk sympati, vil etter det gjerne begynne å fortelje annleis om sitt tidlegare politiske liv. Så også med meir kvardagslege forhold. Har vi skifta yrke, vil det nye yrket gi nye perspektiv – og forteljemåtar – også om det gamle yrket. Rådet blir her å skaffe seg best muleg kjennskap til dei endringane forteljaren har gjennomlevd, og trekke det inn i tolkinga av det vedkommande fortel.

Eit neste steg i forsøket på å finne ein veg gjennom desse metodeproblema, var å peike på at verdien av å analysere desse aspekta ved eit

15. Kaldal 1994: 15.

minne, ikkje bør vere avhengig av om ein kan tidfeste det dei viser, til bestemte tidspunkt langt tilbake. Her slo eg fast: 'Erfaringar er alltid noe ein gjer seg om noe etter at det har skjedd. Om ein gjer det straks eller på sikt, så er dei aldri i streng forstand 'samtidige'?' Det at det ofte kan vere vanskeleg å datere kor lenge ein forteljar kan ha tenkt og fortalt på same måte om noe før i sitt liv, bør ikkje hindre oss i å sjå dei tenkemåtane vi finn spor etter i eit minne som interessante.¹⁴ Som kulturhistorikarar er vi vel også til vanleg meir interesserte i kva noe har betydd i lengre periodar enn i augeblikk. Og om så var at ein måte å fortelje om ei fortidig hending på, er prega av ein spesiell situasjon omkring intervjuet, eller av endringar i forteljaren sitt liv kort tid før intervjuet, så bør heller ikkje dei måtane eit menneske tenker på no om sitt liv, og om historia eller utviklinga, vere uinteressant for oss – som historikarar (viss vi ikkje ser den tida vi no lever i som utanfor historia eller som irrelevant å analysere historisk). Men sjølv sagt er det da viktig å vere klar over at det vil vere snakk om ulike typar prosjekt.

Og sjølv det vi fortel om noe straks etter at det er opplevd, er altså forma i språk og forteljemåtar som ikkje stammer frå det tidspunktet det skjedde på. Språkvanar og forteljemåtar får si form gjennom meir langsiktige historiske prosessar. Og viss slike aspekt ved minna hører til det vi vil tolke oss fram til når vi bruker eit minne (som levning), bør vi ta konsekvensen av at desse trekka ved eit minne er levningar ikkje frå tidspunkt, men nettopp frå prosessar.

Og om vi her skulle sakne ein meir ideell kjeldesituasjon kor vi kunne bygge våre analysar på minne som var samla inn straks etter at det informantane fortel om skjedde, så vil det same i prinsippet gjelde for slike såkalla 'samtidige' intervju: det som pregar dei av tenkemåtar og forteljemåtar er ikkje vorte til i eit forteljartidspunkt, og heller ikkje i eit hendingstidspunkt. Da òg vil dette vere trekk som er forma i meir langsiktige historiske prosessar.

Så kan ein innvende: det kan vel likevel vere interessant å finne ut kva noen følte akkurat da dei opplevde ei bestemt hending? Ja, og da vil vi truleg lett komme til at vi treng meir samtidige kjelder. Men viss vi med 'følte' her tenker oss indre sinnstemningar, så er dei vanskeleg tilgjengeleg også om vi prøver å rekonstruere dei ut ifrå det dei involverte sa eller skrev om det straks etter at det skjedde (tenk etter kor vanskeleg det kan vere å trenge inn i andre menneske sine sinnstilstandar og tankar også om vi les det noen har skrive om noe for berre augeblikk sidan, ja, også

^{14.} Kaldal 1994: 16.

om vi står overfor dei, ansikt til ansikt og kan høre det dei seier). Så om det skulle vere slik at eit fortalt minne berre kunne tolkast som levning frå eit augeblikk, ne, så gir det heller ikkje utan vidare noen direkte tilgang til eit ufortolka bilde av kjenslene bak teksten). Her kjem eit av mine gjengangarspørsmål: men er ikkje også desse tolkingane interessante og historisk verkelege nok?

For å summere opp: alt som er skrive ned om noe som har skjedd, er altså gjort etterpå, og dermed tolka. Og når det er tolka – og fortalt eller nedskrive – er det gjort i språk og forteljemåtar som ikkje er eit produkt berre av situasjonen der og da, men av kulturelle prosessar kor det er utvikla ord, begrep, metaforar og forteljemåtar og narrative grep for den slags hendingar. Slik sett kan vi ofte seie at i våre liv skjer det ikkje ei einaste 'hending', enten ho er uvanleg eller kvardagsleg, før ho også er innlemma i dertil eigna begrep eller forteljemåtar. Det er lett å overtyde om dette når det handlar om rutiniserte sider av livet. Men i prinsippet gjeld det også når noe heilt nytt og uvanleg skjer. Det vi er i stand til å fortelje om noe vi har opplevd, blir forma i ord og forteljingar som stammer frå ein kultur som er forma over tid. Det hindrar ikkje at bråe enkelthendingar kan endre slike tenkemåtar og forteljemønster. Å studere korleis det skjer, krev ideelt sett kjelder både frå tida før, under og straks etter situasjonen. Da kan minne som er samla inn lenge etterpå, by på store problem – men dei har til gjengjeld dess større verdi i andre typar prosjekt.

KVA KAN MINNA FORTELJE OSS OM KULTUR? OG KVA LEGG VI DA I KULTUR?

Eg bruker å seie til historiestudentar når eg snakkar om verdien ved ulike typar historiske kjelder, at det finst ikkje därlege kjelder, berre därlege kjeldetolkarar. Det er ved å utforme ulike typar historieprosjekt ein også får eit historisk materiale til å gi noe av verdi for ulike spørsmål. Er ein ute etter å rekonstruere sinnstemningar og tankar – slik dei vart opplevd – i bestemte augeblikk, bør ein helst ha andre kjelder enn minne samla inn lenge etterpå (og som sagt: sjølv da kan dette vere høgst problematisk). Her trur eg Lorås er altfor optimistisk i si tru på minna. Er vi derimot ute etter å analysere kva ei hending eller ein type hendingar og forhold har betydd i ein kultur, over ein lengre periode, kan det gjerne vere minneforteljingar fortalt lenge etterpå, som gir dei mest interessante spora. Og det er om dette, ikkje om indre kjensler og sinnstemningar, at eg ser mytane i minna som mest verdifulle, og narrative måtar å lese dei på som mest fruktbare (kanskje legg eg også noe anna i 'narrative lesemåtar' enn Lorås).

Her er det viktig å vere klår over at det handlar om ulike typar prosjekt. Og viss begge er kulturhistoriske, opererer dei med ulike kulturbegrep. Som sagt i innleiinga trur eg at det å skilje mellom ulike kulturbegrep også kan bidra til å klårgjere forskjellen mellom dei ulike synsmåtane i den norske debatten om dette sidan først på 1990-talet.

I ei lita bok om utviklinga frå sosialhistorie til nyare kulturhistorie har eg føreslege å skilje mellom tre typar kulturbegrep – kor eg meinte den siste sto for det som var nytt og annleis ved nyare kulturhistorie:

- 1 *Kultur som daglegliv og levemåtar.* 'Kulturhistorie' har lang tradisjon som begrep for historie om folks daglege liv. Det har røter bl.a. tilbake til folkelivsskildringar som voks fram på 1800-talet. Store delar av den sosialhistoria som fekk eit oppsving i 1970-åra, baud også på grundige skildringar av folks daglege liv. Og ut over 1980-talet auka interessa for å skrive historie om stadig fleire sider av folks arbeid og kvardagsliv. Alt dette er historieskriving kor det å bygge på intervju med folk om deira liv, har hatt stor verdi. Det er slett ikkje noe poeng her å redusere betydninga av minna som kjelder til konkrete beskrivingar av korleis folk levde, kva dei gjorde osv. Men nytt er det ikkje.
- 2 *Kultur som subjektive tankar og kjensler.* Frå 1980-åra voks det i fleire land også fram ei ny interesse for subjektive sider ved folks liv. Mange såg dette som ein reaksjon mot tendensar i 1970-åras sosialhistorie til å fokusere for einsidig på livet sine materielle og såkalla objektive sider. No kan det diskuterast kor treffande ein slik kritikk var overfor sosialhistoria, i alle fall i Norge, kor immaterielle sider ved livet, subjektive meininger og mentalitetar, heile tida har vore med i bildet (sjølv om forklaringane av kvifor haldningar og verdiar varierte, ofte vart søkt i det materielle). Men heller ikkje dette kan seiast å ha vore meir nytt enn at det første vidare interesser for mentale og subjektive forhold som bl.a. alle med ein viss inspirasjon frå blant anna den franske Annales-skolen, alltid hadde sett som viktig.
- 3 *Kultur som betydningar og meningssamanhangar.* Eit tredje alternativ er å la 'kultur' handle ikkje om det ein kan rekonstruere av handlingar og tankar i fortida, men om det ein kan tolke seg fram til av 'kodar, figurasjonar, mønster, betydningslag og meiningssamanhangar som folk har handla og uttrykt seg gjennom og i tråd med'.¹⁵ Dette er eit kulturbegrep som ikkje avgrensar synsfeltet enten til

¹⁵ Kaldal 2002: 35.

materielle *eller* til subjektive sider av livet, men som går ut på å tolke spor etter både levd liv og tankar og kjensler, for å sjå kva kodar og mønster av betydningar og meningsinnhald dei kan lesast som uttrykk for. Det er med eit slikt kulturbegrep eg meiner den nye kulturhistoria og den språklege vendinga også har mest å by på av inspirasjon for nye måtar å analysere minna på.¹⁶ Og det er først og fremst innanfor eit slikt kulturbegrep at dei mytologiserande trekka ved minna ikkje blir forstyrrande innslag som må avslørast og renskast bort, men ein ressurs å spele på for den som er ute etter å bruke minna til å tolke seg fram til kulturelle betydningar og meiningssamanhangar som har prega folks liv. Men da bør ein innsjå at det ikkje er autentiske fortidige opplevelingar og kjensler minna gir det beste grunnlaget for å rekonstruere, men *mønstra i måtane* folk har tolka og ordna sine liv på. Her er det ikkje tankar men tenkemåtar, ikkje sinnsstemningar men betydningar, ikkje meininger men meiningssamanhangar, ein får stoff til å analysere.

Så vil noen innvende (slik det ofte er gjort mot nyare kulturhistorie): er ikkje dette å dreie fokuset bort frå fortidige realitetar, og dermed frå emnet for det historisk verkelege? Viss svaret er ja på det, må det bygge på ei førestilling om at tenkemåtar og forteljemåtar, betydningar og meiningssamanhangar, ikkje har vore ein del av folk sine liv, like mye som livet sine meir materielle sider, og for så vidt: like mye som dei indre kjenslene. I så fall vil eg sjå det som ein lite fruktbar premiss. Dette vil eg grunngi ved å trekke fram eit eksempel frå eiga forsking – som viser at folks forteljingar om eigne liv ikkje berre har vore delar av livet, altså ikkje noe utanfor 'realitetane', men også vore med på å styre, forme, skape, og kanskje endre det same livet (her er det den eine av dei tre plana i minna kjem inn: at dei ikkje berre beskriv noe, og er skapte av noe, men også sjølve *har skapt noe*). Slik sett kan det også lesast som eit eksempel på at narrative lesemåtar kan vere like mye retta mot å analysere faktiske forhold, som kva som helst andre lesemåtar (men da utan at det er indre kjensler og sinnsstemningar som er målet med 'lesinga').

¹⁶. Ei grundigare innføring i korleis eg har tenkt denne tredelinga, og særleg kva som kjennteiknar det tredje kulturbegrepet, finst i Kaldal 2002: 24–47.

MYTANE OM SKOGENS MENN SOM REALITETAR OG SKAPANDE

FORTELJINGAR

I eit omfattande minnemateriale som eg har samla inn frå skogsbygdene i Trysil og Värmland, har eg tolka meg fram til noen mønster i måten kvinner og menn fortalte om sine liv på. La meg her berre trekke fram korleis visse narrative mønster prega mennene sine forteljingar, tenke-måtar og til og med deira liv (i prosjektet samanlikna eg mannlege og kvinnelege minneforteljingar, men det let eg her ligge – den interesserte kan lese heile den analysen i antologien frå prosjektet).¹⁷

Når eg samanfatta desse mønstra, kom eg fram til at mennene sine måtar å ordne sine liv på narrativt, ofte viste trekk som eg kunne karakterisere som lineære, teleologiske og determinerte. Det dei fortalte om, var ofte slikt som fekk livet deira til å framstå som ordna langs ei linje – frå ein oppvekst som sønn av ein 'skogens mann', gjerne tømmerhoggar, gjennom eit liv kor mye handla om å realisere seg sjølv også som det: 'skogens mann'. Det teleologiske låg i at mye av det dei fortalte frå oppveksten, var slikt som fekk funksjon i forteljinga ved at det peikte fram mot dette som eit slags mål: å bli ein moden 'skogens mann'. Det determinerte kom til uttrykk blant anna i episodar og historier om korleis noen av dei – eller andre som informantane kjende til – kanskje hadde prøvd andre levevegar, til og med utanfor skogsbygda, men da berre hadde 'måttå' erkjenne at det var i skogen dei hørte til. Typisk er her historiene om menn som hadde prøvd seg på fabrikk, men ikkje hadde takla verken å gå etter klokka eller å stå ved ei maskin, og derfor berre 'måtte' slutte og dra tilbake til skogsbygda. Der fann dei tilbake til det livet dei var så å seie bestemt til å leve.

Frå andre kjelder, men også frå minna, veit vi at mange av dei same mennene i praksis var i skogen berre ein liten del av året (inntil 1960-åra var tømmerhogst sesongarbeid om vinteren). Elles i året dreiv dei med mye anna (bygde vegar, dyrka jord, arbeidde på sagbruk, bygde kraftanlegg osv.). Og fråflyttinga var stor frå desse bygdene. Mange menn frå desse miljøa hadde faktisk også reist bort og klart seg bra i fabrikkar. Dei hadde gjort det mange minneforteljingar påsto at skogens menn ikkje kunne, fordi det var i skogen dei 'hørte til'. Gjennom ein analyse av alt dette i samanheng vart det klart for meg at her er det noen måtar å fortelje på som har gjort elles mangesyslende og fleksible bygdemenn til menn som har vore bundne og styrt i sine liv og identitetar til skogen. Gjennom *forteljemåtane* er bestemte betydningar og

¹⁷. Kaldal 2000.

meiningsinnhald vorte skrivne inn i bildet både av 'livet', 'arbeidet' og 'mannen'.¹⁸

Som historikar kunne eg ha tolka dette på fleire måtar. Eg kunne ha avvist minna som fordreidd, ja, som mytar i betydninga løgner og vrangførestillingar. I staden tolka eg dei som uttrykk for ein måte dei mennene som vart att i desse bygdene har fortalt om sine liv på, og dermed skapt seg ikkje berre meiningssamanhangar, men også forma sine liv. Dei forteljemåtane dei uttrykte seg gjennom, har her truleg vore med på å *skape* band mellom desse mennene på den eine sida og skogen og skogsbygda på den andre. Slik har menn i desse miljøa ikkje berre skapt seg som 'skogens menn'. Dei har også gjort det ufornuftig å bli noe anna. Dermed letta og underbygde dei viktige val i livet, som blant anna handla om å bli verande i skogsbygda.

Dei skapande sidene ved desse minna bør slik sett ikkje berre avvisast som uinteressante fordi minna er mytologiserte, men sjåast som interessante nettopp som mytar, og som effektivt skapande mytar. For det er gjennom mytologiserande måtar å fortelje om sine liv på at folk skaper sine identitetar, og bind sine band til samfunn, grupper, stader, yrke og verksemder.

Her er det ikkje sinnstemningar, tankar og kjensler, slik dei vart opplevd, følt eller tenkt på fortidige tidspunkt, som er i fokus. Det minna her blir brukt til å analysere, er betydningar, meiningssamanhangar, tenkemåtar og forteljemåtar. Og desse blir her sett som høgst reelle sider av livet. Apropos materielle ressursar: for at dei også skal kunne bli delar av folks intensjonar og val, må dei også tolkast, gjerast til tema i talemåtar og forteljingar, kor dei blir tolka på måtar som er med på å styre livet (skogen er her ein slik ressurs som får betydning og blir gjort til del av viktige livsformande meiningssamanhangar gjennom måtane mennene fortel om den på). Slik sett handlar dette heller ikkje om noe subjektivt som er utanfor noe meir objektivt, men om mytologiseringar som er høgst reelle delar av folks daglege liv. Dei sinnstilstandane, kjenslene og tankane folk kan ha følt og opplevd da dei sleit i skogen, eller da noen av dei avbraut eit forsøk på å bli fabrikkmenn, bør vi innsjå at dei retrospektive minna (som mange andre kjelder) gir eit svakt grunnlag for å seie noe sikkert om, i alle fall 'slik dei vart opplevde'. Men dei språklege, narrative mønstra som har prega måtane dei har snakka og fortalt på om sine liv, gir minna ofte eit betre, og samtidig meir realistisk grunnlag for å tolke seg fram til enn noen andre kjelder.

18. Kaldal 2000.

KONKLUSJON

Skal vi reflektere vidare over kva den nye kulturhistoria kan bidra med for oss som bygger mye av det vi skriv av historie på det folk fortel om eigne liv, kan det vere ryddig for diskusjonen om vi også klårgjer så godt vi kan korleis vi tenker innanfor ulike kulturbegrep. Å sjå 'kultur' som subjektive kjensler, tankar, meininger og opplevelingar, er da ein måte å tenke på som kan ha noe for seg i fleire samanhengar. Men etter mi mening er det ikkje eit slikt kulturbegrep som eignar seg best til å få fram kva den nye kulturhistoria har å lære oss. Mitt forslag er da å sjå 'kultur' meir som betydningar og meiningssamanhangar, tenkemåtar og forteljemåtar, altså mønster som kan ha ligge til grunn for, og av og til vore med på å forme, både samfunn, kulturar og folks liv. Kritiske refleksjonar som dei fleste av oss no har hatt god tid på å tilegne oss frå den nye kulturhistoria, taler også for at vi bør vere nokså forsiktige med å berre tru at minna kan opne dører inn til fortidsmenneska sine sinn, til rom kor vi kan gjenoppleve kjensler og tankar slik dei vart tenkte og opplevde den gongen. Med eit kulturbegrep kor vi ser 'kulturen' meir som mønster og kodar, betydningar og meiningssamanhangar i måtane folk fortel om sine liv på, kan vi skissere meir realistiske, men på nye grunnlag også meir ambisiøse mål å strekke oss etter som kulturhistorikarar. Viss måtane folk fortel om sine liv på, også har vore med på å skape identitetar og band, og har vore med på å styre menneskelege val og å forme folks liv, så bør vi i alle fall slutte å sjå mytane og dei narrative mønstra som noe som ikkje hører det verkelege livet til.